

**Fra:** Ruth Ørnholt  
**Sendt:** 14.12.2015 08:51:31  
**Til:** Svein Arne Tinnesand; sbu@nb.no  
**Kopi:**

**Emne:** Statusrapport med søknad for år 2 - tilleggsopplysninger

**Vedlegg:** image002.png;image003.jpg

Til Nasjonalbiblioteket

Eg viser til spørsmål under ang. budsjett for siste år av det treårige prosjektet Sterk, spenstig og klar.

Det er utfyllt feil i skjema om prosjektet sin varighet. Det står at det skal vare frå 0.01.2014 til 31.01.2016. Rett dato for avslutning skal vere 31.12.2016.

Eg går ut frå at det er dette som medfører at det ser ut som om søknaden er for 2.prosjektår.

Finansieringsplanen som er oppført for 3.prosjektår er finansieringsplanen for 2016.

Fordi vi har hatt høg aktivitet i prosjektet, ønskte vi å auke søknadssummen til kr 700.000, men vi har forståing for at ei tildeling må ligge på nivå med tidlegare år. Utgiftene vil i så fall bli redusert jamt over på alle tiltaka utanom til modellbibliotek, som hovudsakleg blir finansiert av kommunane sjølve og fylkeskommunen.

Ta kontakt om det er ønskjeleg med fleire opplysningar!

Venleg helsing

**Ruth Ørnholt**

Fylkesbiblioteksjef

Kultur- og idrettsavdelinga|fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398

[www.hordaland.no/fylkesbiblioteket](http://www.hordaland.no/fylkesbiblioteket) |

---

**Fra:** Svein Arne Tinnesand [mailto:SveinArne.Tinnesand@nb.no]

**Sendt:** 4. desember 2015 09:12

**Til:** Ruth Ørnholt; Fylkesbiblioteket - Postmottak

**Emne:** Statusrapport med søknad for år 2 - tilleggsopplysninger

Til Hordaland fylkesbibliotek

v/Ruth Ørnholt

Takk for tilsendt statusrapport med søknad om midler for andre prosjektår av prosjektet Sterk, spenstig og klar (se vedlegg)

På side 1 prosjektet ser det ut som dette er søknad for 2.prosjektår. Søknaden gjelder for 3. prosjektår. Før vi tar endelig stilling til tildeling for år 3 av prosjektet ber vi om en oppdatert finansieringsplan for prosjektet med tilsvarende opplysninger som på side 4 i vedlagte dokument. Denne må være tilpasset tildelingsbeløpet fra Nasjonalbiblioteket for tidligere år i prosjektet.

Samlet støtte for resten av prosjektet kan forventes å ligge på dette nivået.

Vi ber om tilbakemelding på e-post til [sbu@nb.no](mailto:sbu@nb.no) innen 14. desember.

Med vennlig hilsen  
Svein Arne Tennesand  
Nasjonalbiblioteket  
Postboks 2674 Solli  
0203 Oslo  
Telefon 23 27 61 38  
[www.nb.no](http://www.nb.no)

